

Mosar

NATURFAGSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NATURFAG I OPPLÆRINGEN

Bjørnemose - *Polytrichum* sp.

- lang, ugreina stengel
- stive blad
- økologi: ulike artar som finst i myrer og på fuktig grunn i barskog, helst på næringsfattige stader






Sigdmose - *Dicranum* sp.


- øvste blad sigdforma og bøygd i same retning
- økologi: ulike artar som er vanlege i både gran- og furuskog






Etasjemose - *Hylocomium splendens*

- dobbelt fjærgreina skot
- greiner i tydelege etasjar, nye etasjar blir danna litt innanfor spissen av den førre
- raudleg stengel, blanke blad
- økologi: vanlegast i granskog






Tujamose - *Thuidium tamariscinum*

- dobbelt fjærgreina skot
- greiner i etasjar
- grøn- eller svartaktig stengel, matte blad
- økologi: fuktige artsrike skogar, ikkje veldig vanleg






Fjørmose - *Ptilium crista-castrensi*

- enkelt fjørgreina skot
- små kloforma blad
- grøn stengel
- økologi: vanlegast i eldre, litt fuktig granskog






Teikningar: Klaus Høiland. Fleire atlas: naturfag.no/atlas

Furumose – *Pleurozium schreberi*

- enkelt fjørgreina skot
- spreidde greiner av ulik lengde
- raudleg stengel (skrap bort stengelblad)
- økologi: vanlegast i tørre bar-skogar, spesielt furuskog






Kransmose – *Rhytidiadelphus* sp.

- lange skot med sprikande blad
- økologi: fuktig grasmark, plenar og enger






Torvmose – *Sphagnum sp*.

- enkel stengel
- 3–7 greiner frå same punkt på stengelen
- mjuk konsistens, ofte med stort vassinnhald
- økologi: ulike artar som er vanlegast i myr, men også i fuktig skog






Fagermose – *Mnium* sp.

- store, runde eller eggforma blad som er gjennomskinlege og med tydeleg nerve
- økologi: ulike artar som lever i fuktig, skuggefull skog, særleg langs bekkedrag






Tvaremose – *Marchantia polymorpha*


- ikkje skilje mellom stengel og blad
- 1–2 cm breie flikar, mørkare grøn midtribbe
- paraplyliknande utvekstar
- små porer på overflata, synlege som svarte prikkar
- økologi: grøftekantar og anna forstyrra, fuktig mark






Vårmose – *Pellia epiphylla*

- thalløs levermose (stamme utan tydelege blad) med lappa og krusa rand
- manglar porer og «paraplyar», men har lange, skjøre kapselstilkar
- veks ofte i store matter
- økologi: finst på våt jord i grøfteog bekkekantar





Teikningar: Klaus Høiland. Fleire atlas: naturfag.no/atlas